



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Tilråding av Berdalen naturreservat i Lærdal kommune

Fylkesmannen i Vestland føreslår frivillig skogvern av Berdalen i Lærdal kommune. Skogen som er tilbudd av grunneigar har urskogpreg og inneheld einskilde tre av sær grove dimensjonar. Berdalen er vurdert å være mykje verneverdig grunna den gamle barskogen, og har nasjonal verdi.

Det føreslegne arealet omfattar delar av eigedom gnr. 29 bnr. 1 i Lærdal kommune, og området er 2794 dekar.

### Saksbehandling

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring	FM tilråding
<i>Berdalen naturreservat</i>	<i>08.01.2019</i>	<i>05.11.2019</i>	<i>04.05.2020</i>	<i>24.08.2020</i>

### Endringar under behandlinga av verneplanen

I verneforskrifta var det, mellom oppstart og høyring, gjort fleire mindre endringar av teknisk karakter. Disse endringane er gjort i samråd med grunneigar.

- Alle heimlar i forskrifta (som var ute i oppstartsvarselet) som har omtalt bygningar, hytter, veger og traktorvegar vart fjerna då den skulle på høyring. Det finnes ingen anlegg av nemnte slag i det føreslegne verneområdet.
- Forskrifta som var ute i oppstartsfasen viste, fleire stader i teksten, til «sti vist på vernekartet». Det var ingen stiar innteikna på vernekartet då, men i dialog med AT Skog/grunneigar har vi fått innteikna den viktigaste stitraséen opp mot ein støl som ligg utanfor vernegrensa.
- Vi fjerna eit bålrensingsforbod i § 3, då det i § 4 er lov med bålrensing med nedfallskvist, samt det som stod om motorferdsel på vatn, då det er irrelevant (§5a).
- Vi endra formuleringa i § 4 e) frå *Rydding av skotfelt ved jaktpostar slik at feltet er fritt for vegetasjon etter retningslinjer i forvaltningsplan til Varsam rydding av småbusk og kvist med maks 10 cm i diameter, i samband med storviltjakt.* Fylkesmannen vurderte at fordi området er såpass mykje brukt i jaksamanheng, i tillegg til at det vil ta tid før ein forvaltningsplan er på plass, så ville ei slik formulering vere meir konkret og enklare å halde seg til.



Ingen av høyringspartane har uttalt seg negativt om disse ovannemnte endringane, og dei er også gjennomført i dialog med/godkjenning av grunneigar og skogeigarorganisasjonen.

### **Verneformål og områdestatus**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur i eit lite påverka skogsområde i Vest-Noreg. Her er storvaksen og urskogprega boreal barskog utan spor etter menneskelege inngrep. Området har mykje død ved og spor av sot etter brann i tidlegare tider på gamle furugaddar.

Heimelsgrunnlaget for oppretting av Berdalen naturreservat ligg i naturmangfaldlova § 37 b) *representerer en bestemt type natur, (...)*. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Arealet inngår som landbruks, natur- og friluftsliv (LNFR) i gjeldande kommuneplan. Det føreligg ingen reguleringsplanar for området. Området er utan inngrep, kraftlinje og gran.

### **Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar**

Fordi det ikkje er gjort inngrep i nyare tid i området, og heller ikkje er planta gran her, kan vi ikkje sjå utgifter knytt til tiltak ved verna av Berdalen. Det vil elles vere eit ordinært oppsyn i området i regi av Statens naturoppsyn (SNO).

### **Merknader til verneforslaget**

Oppstart og høyringsbrev for verneområdet er sendt til følgjande sentrale og lokale partar:

Sogn og Fjordane Turlag, Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, Norges jeger- og fiskerforbund, Stadnamntenesta på Vestlandet, Direktoratet for mineralforvaltning, Norges Naturvernforbund, Lærdal kommune, Vest Politidistrikt, Visit Sognefjord, Statens vegvesen region vest, Den Norske Turistforening, Det Norske Skogselskap, Norges geologiske undersøkelse NGU, Riksantikvaren, Sogn og Fjordane Bondelag, Luftfartstilsynet, SABIMA, Klima- og miljødepartementet, Lærdal Jeger- og sportsfiskarlag, Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, NOF avd. Sogn og Fjordane, Technogarden (nødnett), Fortidsminneforeningen, Norsk Skogbruksforening NORSKOG, Verdens Naturfond WWF Norge, Lærdal Bondelag, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Norges Jeger- og Fiskerforbund NJFF Sogn og Fjordane, Norges Skogeierforbund, Lærdal Turlag, Høgskulen på Vestlandet, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Skogselskap, Forsvarsbygg, Universitetsmuseet i Bergen, Geologisk institutt, Norges vassdrags- og energidirektorat NVE, Norsk organisasjon for terrengsykling NOTS, Statnett, Avinor, Norsk institutt for naturforskning NINA, AT Skog, Miljødirektoratet og Per S. Hjermand.

I tillegg til utsending av oppstart - og høyringsdokument direkte til aktuelle høyringsinstansar, er både oppstart og høyring kunngjort i aktuelle lokalaviser og presentert på nettstaden til Fylkesmannen i Vestland.

Fylkesmannen meldte oppstart den 8. januar 2019 og frist for innspel på høyringa var den 4. juli 2020. Det har kome inn til saman tolv innspel til oppstartsmelding og høyring, og ingen av disse har vore kritiske til vern av Berdalen som naturreservat.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) skriv i uttale datert den 5. desember 2019 at eit naturreservat i Berdalen ikkje vil påverke potensielle, eksisterande eller planlagde energi- eller vassdragsanlegg som NVE har kjennskap til. NVE skriv at det er Lærdal Energi AS som



er områdekonsesjonær, og at dei kjenner området best. I brev datert den 25. juni har dei ingen ytterlegare merknadar.

*Fylkesmannen sine kommentarar:*

Lærdal Energi AS har ikkje nytta høyringsperioden for å komme med fråsegn, og vi reknar difor med at dei ikkje har planar i området.

Lærdal kommune er positive til oppstart av verneprosess for Berdalen naturreservat, jamfør protokoll frå i kommunestyremøtet den 13. februar 2020. Kommunen skreiv også at det, i samband med verneprosessen, var viktig å få kartlagt kva følger det planlagde verneområde får for dei ulike interessene i området. I høyringsfasen var saka oppe i formannskapet den 4. juni 2020 og i kommunestyret den 18. juni 2020. Kommunen er positive til verneplanen, og tilrår at det i verneforskrifta vert nedfelt rett til merking og skilting etter norsk standard for stimerking (Merkehåndboka).

*Fylkesmannen sine kommentarar:*

Med den breie høyringa over to månader går Fylkesmannen ut i frå at alle interessentar har fått høve til å leggje fram innspel og kunnskap som er relevant for verneplanen. Høyringa vart annonsert i Sogn Avis, og kommunen har kunne vidareformidle høyringa via sine kanalar. Stien som er avmerka på vernekartet vil kunne få skilting og merking etter retningslinjer i Merkehåndboka. Ein forvaltningsplan vil kunne omtale dette meir detaljert, samt sørge for oppsetting av informasjonsskilt til ålmenta sidan Berdalen er eit område nær Lærdal sentrum.

WWF Verdens naturfond Norge skriv i uttale den 18. november 2019 at dei er positive til opprettinga av Berdalen naturreservat, og at det kanskje vil være mogeleg å utvide reservatet nedover, då det er naturtypelokalitetar utanfor verneframlegget.

*Fylkesmannen sine kommentarar:*

Fylkesmannen er positiv til utviding på eit seinare tidspunkt der grunneigar er interessert og det er høge miljøverdiar i skogen.

Riksantikvaren viser, i e-post datert 13. november 2019 og 5. mai 2020, til Vestland fylkeskommune, som også er på høyringslista. RA viser til (eventuell) uttale frå kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen, som er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker.

Statens vegvesen skriv i brev datert den 29. november 2019 og i brev datert 18. mai 2020 at dei ikkje har merknadar til frivillig skogvern i Berdalen.

Språkrådet skriv den 15. november 2019 at det er tilrådeleg å nytta Berdalen naturreservat som namn på verneområdet.

Direktoratet for mineralforvaltning har, i brev datert den 14. november 2019, ingen vesentlege merknadar til verneframlegget, då dei ikkje har registrert viktige mineralførekomstar i eller i nærleiken av verneområdet.

Forsvarsbygg skriv i brev datert 25. mai 2020 at dei ikkje har merknadar til verneforslaget, då dei ser at verneforskrifta inneheld dei unntaka som sikrar Forsvaret sine behov med omsyn til militær operativ verksemd.



### **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Etablering av Berdalen naturreservat i Lærdal vil sikre naturmangfaldet i dette området mot fysiske inngrep, jf. naturmangfaldlova § 8. Etableringa har positiv betydning for artsmangfaldet, ettersom arealendringar er dokumentert å vere det største trugsmålet mot naturmangfald både globalt og lokalt i Norge.

Ivaretaking og vidare naturleg utvikling av naturmangfaldet i naturreservata vil også kunne fungere som ei kjelde for å styrke populasjonar av plante- og dyreartar utanfor grensene, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. Den nordlege tredjeparten av det føreslegne verneområdet er også, jamfør naturbase, registrert som del av kalvingsområde og sommarbeite for villreinen i Lærdal- Årdal villreinområde.

Med bakgrunn i at vernet berre vil gje positive effektar på naturmangfaldet, vel vi ikkje å vurdere §§ 8-12 nærare (jf. rettleiar om naturmangfaldlova kap. II 2016).

### **Fylkesmannen si tilråding**

Fylkesmannen i Vestland anbefaler med dette oppretting av Berdalen naturreservat i Lærdal kommune. Vernekart og verneforskrifter ligg ved denne tilrådinga.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Sogn og Fjordane Turlag  
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane  
Norges jeger- og fiskerforbund  
Stadnamntenesta på Vestlandet  
Direktoratet for mineralforvaltning  
Norges Naturvernforbund  
Lærdal kommune  
Vest Politidistrikt  
Visit Sognefjord  
Statens vegvesen region vest  
Den Norske Turistforening  
Det Norske Skogselskap  
Norges geologiske undersøkelse NGU  
Riksantikvaren  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Luftfartstilsynet



SABIMA

Klima- og miljødepartementet

Lærdal Jeger- og sportsfiskarlag

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag

Sogn og Fjordane avd. NOF

Technogarden (nødnett)

Fortidsminneforeningen

Norsk Skogbruksforening NORSKOG

Verdens Naturfond WWF Norge

Lærdal Bondelag

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Norges Jeger-og Fiserkforbund NJFF Sogn og Fjordane

Norges Skogeierforbund

Lærdal Turlag

Høgskulen på Vestlandet v/ avd. for naturforvaltning Sogn og Fjordane

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Skogselskap

Forsvarsbygg

Universitetsmuseet i Bergen

Universitetsmuseet i Bergen, Geologisk institutt

Norges vassdrags- og energidirektorat NVE

Norsk organisasjon for terrengsykling NOTS

Statnett

Avinor

Norsk institutt for naturforskning NINA

AT Skog

Per S. Hjermann